

# STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmar  
**FØRETAK:** Helse Vest RHF  
**DATO:** 25.08.2023  
**SAKSHANDSAMAR:** Hilde Christiansen  
**SAKA GJELD:** Rapport «Bærekraftig utvikling av kompetanse og kapasitet i psykisk helsevern og TSB»

**ARKIVSAK** 2021/1335  
**STYRESAK** 080/23

**STYREMØTE** 06.09.2023

---

## FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret tar rapporten til etterretning.
2. Styret legg til grunn at rapporten og kunnskapsgrunnlaget som nå er etablert beskriv viktige tiltak som skal bidra til å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling på Vestlandet. Rapporten legg et godt grunnlag for å lukkast med å behalde, utvikle og rekruttere fagleg kapasitet der og opplevinga av å tilhøyra et godt fagmiljø skal bidra til å nå mange av måla i rapporten.
3. Styret ber administrerande direktør sørge for at rapporten blir fulgt opp og at tiltaka blir gjennomført, regionalt i fellesskap for det som kan vere felles og at det som blir lokale tiltak blir gjennomført i kvart av føretaka. Styret ber om å bli haldne orientert om framdrifta for arbeidet.
4. Styret ber føretaka legg fram rapporten for sine respektive styre.


## Bakgrunn

Det har vært behov for å sikre robuste og stabile fagmiljø innan psykisk helsevern og TSB. Det er stor variasjon i tal legar og psykologar for opptaksområda i Helse Vest. Fleire rapportar og analyser som er gjennomført av Helse Vest har vist ein aukande turnover. Det blei første gang påpeika i innspel til første nasjonale helse- og sjukehusplan. Det blei åtvare om at, om denne utviklinga held fram ville turnover mest sannsynleg ende på om lag 15%.

I rapporten ekstern turnover blei det igjen satt særleg søkelys på ekstern turnover innen psykisk helsevern og TSB. For å oppretthalde robuste, gode fagmiljø som igjen bidrar til å behalde og utvikle medarbeidarar blei arbeidet med denne rapporten starta.

Det har vært god involvering frå fagmiljøa og leiararne for tenesten i helseføretaka. Arbeidet har utfordra og skapt ein dialog om tiltak, moglegheiter for kva som kan bidra for nå dei overordna måla som er etablert i arbeidet.

Helse Vest har i dette arbeidet nytta metodikken som gjer det mogleg å etablere fleire kunnskapsgrunnlag som del av arbeidet.



## Vurdering

Prosessane har medverka til viktige diskusjonar og dialog der fagmiljø og leiarar har utfordra kvarandre gjennom arbeidet. Det er ein krevjande metodikk som både inneber å vurdera nå situasjonen men ikkje minst prosessane kring endringsdrivarar, utarbeide robuste og truverdige scenario, kva konsekvensar det inneber og einast om kva som kan bidra til ein berekraftig utvikling. Det er gjennomført eit grundig arbeid for kvar av områda BUP, VOP og TSB for poliklinikk dag og døgn. Medverknaden frå fagmiljøa har vært avgjerande for arbeidet, anten det har vært frå leiarar, tillitsvalde i fagmiljø og ikkje minst og dyktige faglege ressursar.

Arbeidet har peika på mange tiltak ein kan rå over sjølve, men det er og tiltak som krev endringar i regulatoriske bestemmelser. Nokre av dette har myndigheitene allereie starta på, noko legg vi til grunn vil kome.

Scenarioa er delt inn i:

1. Føreseielege, samanhengande, planlagde og heilskaplege pasientforløp
2. God utnytting av fagleg kunnskap og nye behandlingsmetodar
3. Digitalisering og nye behandlingsverktøy som bidreg til at behandlinga blir lettare tilgjengeleg og gir rom for betre pasienttilpassing
4. Nye arbeidsformer og avklart oppgåvedeling mellom mange yrkesgrupper

Det er og særleg viktig å peika på miniprojekta ein *raskt* bør sette i verk tiltak for å gjennomføre dei utvalde miniprojekta:

HELSE VEST

## Regionen må beholde og rekruttere medarbeidere på kort sikt

- Rekruttere psykologstudenter**
  - Utnytte alle praksisplasser
  - Sikre stabil rekruttering
- God introduksjon til nye medarbeidere**
  - Sikre faglig og sosial ivaretagelse på arbeidsplassen
- Beholde og utvikle medarbeidere**
  - Stimulere til faglig og personlig utvikling
- Metodebok**
  - En portal til metodebibliotekene
  - Trygge medarbeidere i valg av utredning- og behandlingsverktøy
- LIS 1 i tredelt turnus**
  - Flere LIS-leger blir kjent med PHV og TSB
  - Øke rekruttering av leger

Vidare er det ein rekke tiltak som må gjennomførast, nokre i fellesskap som må avklarast i det vidare arbeidet og nokre av tiltaka føreset gjennomføring i kvart av helseføretaka:

## Styrke tilbudet og øke kvalitet på pasientbehandling uten å øke belastning på medarbeidere




Dersom ein ikkje lykkast og grip fatt nå, følgjer opp og vurderer effekt av tiltaka, vil ein stå i svært krevjande utfordringar, ikkje berre for å behalda og utvikla medarbeidarar, men neppe lukkast med å rekruttera og tilby et robust og berekraftig fagmiljø som skal bidra til gode og føreseielege pasientforløp. For å synleggjera utfordringane ein står føre vil vi særleg peika på denne oppsummeringa som er omtala i rapporten. Dette syner utfordringa nasjonalt, mens dette arbeidet har tatt fatt i utfordringane på Vestlandet.

Basert på det nasjonale arbeidet er det tydeleg at vi må lukkast på Vestlandet. Vi vil og presentera arbeidet for dei andre regionane, sentrale fagforbund, samarbeidsaktørar for å nemne noko.

## Nasjonal arbeidsgruppe anslår fortsatt økt behov for tjenester innen PHV og TSB

Utvikling i behov og tilgjengelig faglig kapasitet uten tiltak for alle tjenesteområder



Figuren viser: utvikling i antall medarbeidere, inkludert private ideelle og avtalespesialister. Kilde: Nasjonal bemanningsmodell.

### Vidare prosess

Det er avklart i det siste møtet i prosjektet at vi raskt må avklare videre prosesser for å sikre gjennomføring. Det er først når rapporten og arbeidet i prosjektet ligg føre vi må vise at vi evner å gå frå prosjektarbeidet til gjennomføring som får effekt, for alle dei delmåla rapporten peikar på. Målretta og utålmodigheit på nokre tiltak og tålmodigheit over tid for å lukkast best mogleg med eit viktig arbeid vil vere heilt sentralt.

### Beslutning

Styret tek saka til etterretning.